Språkrådet

KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing
etter forskrifta del I
for innkjøp av
medieundersøking

Saksnummer 26/478

Innhald

1 GENERELL OMTALE....4
1.1 Kort om oppdragsgjevar....4
1.2 Kunngjering....4
1.3 Overordna om formålet med og omfanget av anskaffinga....4
1.4 Økonomiske ramme og tidsramme for anskaffinga....5
1.5 Nærare skildring av oppdraget....5
1.6 Bakgrunn for at Språkrådet ønskjer å få gjennomført ei medieundersøking....6
1.7 Viktige datoar og tidsfristar....7
1.8 Prisar....7
1.9 Fakturering....8
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN....8
2.1 Anskaffingsprosedyre....8
2.2 Skatteattest....9
2.3 Offentlegheit og teieplikt....9
2.4 Vedståingsfrist....9
2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget....9
2.6 Tilleggsopplysningar....9
2.7 Kommunikasjon....9
3 KVALIFIKASJONSKRAV....9
3.1 Registrering, autorisasjon mv, som leverandøren må ha....10
3.2 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane som leverandøren må ha....10
3.3 Den økonomiske og finansielle kapasiteten leverandøren må ha....10
4 TILDELINGSKRITERIUM....11
4.1 Evaluering av tildelingskriterium....11
4.2 Klima og miljø....12
5 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING....12
5.1 Innlevering....12
5.2 Utforming av tilbodet....12
6 KONTRAKT OG DATABEHANDLARAVTALE....13
7 VEDLEGG....13

1 GENERELL OMTALE

1.1 Kort om oppdragsgjevar

Språkrådet arbeider for å styrkje det norske språket og språkmangfaldet i landet. Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet.

1.2 Kunngjering

Anskaffinga er kunngjort hos Mercell.

1.3 Overordna om formålet med og omfanget av anskaffinga

Språkrådet ønskjer å gjennomføre ei undersøking av ungdommar i aldersgruppa 10–15 år sine haldningar til norskspråkleg medie- og kulturinnhald. Målet er å undersøkje kva status norsk har på medie- og kulturfeltet, særleg knytt til nyheitsinnhald og dei flatene der ungdommar møter eit mindre kuratert språk, som på sosiale medium.

Bakgrunnen for undersøkinga er at barn og unge i Noreg vert eksponerte for eit omfattande engelskspråkleg kultur- og medietilbod, særleg på digitale plattformer og i brukarstyrte medium. Det kan verke inn på språkhaldningar, leseferdigheiter og språkferdigheiter blant dagens unge. I mange tilfelle er sosiale medium også hovudkjelda til nyheitsstoff for ungdommar, og dette kan ha konsekvensar for norskspråkleg, redaktørstyrt innhald.

Føremålet med undersøkinga er difor å sjå nærare på haldningar til norsk språk i medieinnhald retta mot og brukt av ungdom, og undersøkje korleis ungdommar vurderer og brukar norskspråkleg innhald. Undersøkinga må særleg ta for seg omfang, synlegheit og opplevd verdi av norskspråkleg innhald i møte med eit omfattande engelskspråkleg tilbod.

Undersøkinga inngår i Språkrådets arbeid med å kartleggje språksituasjonen i Noreg og følgje opp arbeidet med barn og unges tilgang til norsk språk.

Språkrådet ønskjer at undersøkinga tek for seg eitt eller fleire av temaa under:

- haldningar og oppfatningar knytt til norsk og engelsk medieinnhald
- medievanar sett opp mot språk
- nyheitskonsum og oppfatning av nyheitstilbod på norsk vs. engelsk
- språklege førebilete på ulike medieflater

Oppdragsgjevar ønskjer å spisse problemstillinga saman med leverandør og vil difor vektleggje kvalitet på prosjektskisse i tildelingsgrunnlaget.

1.4 Økonomiske ramme og tidsramme for anskaffinga

Anskaffinga har ei økonomiske ramme som gjer at ho er regulert av del I i forskrift om offentlige anskaffelser.

Den estimerte prisen for anskaffinga er mellom kr. 600.000 og kr. 700.000 eksl. mva. Den maksimale prisen er kr. 700.000 ekskl. mva.

Skriftlege leveransar frå undersøkinga skal leverast seinast 10. september 2027. Tidspunktet for den munnlege presentasjonen av undersøkinga skal avtalast mellom Språkrådet og leverandøren.

1.5 Nærare skildring av oppdraget

1.5.1 Kva som inngår i medieundersøkinga

Her følgjer ei oversikt over det Språkrådet ønskjer at arbeidet med undersøkinga skal ta for seg. Språkrådet er opne for å snevre inn omfanget dersom vi i samråd med den valde leverandøren kjem fram til at det er nødvendig for at det skal vere mogleg å gjennomføre innanfor dei økonomiske rammene og tidsramma i prosjektet.

Litteraturgjennomgang/forskingsoversikt

Rapporten skal innehalde ein litteraturgjennomgang av tidlegare forsking som er gjort på medie- og kulturfeltet om barn og unges språkbruk, språkvanar og språkhaldningar.

Undersøking

Undersøkinga bør innehalde ein kvantitativ og ein kvalitativ del, gjerne basert på metodetriangulering. Vi ser i utgangspunktet føre oss at målgruppa er ungdom i aldersgruppa 10–15 år.

Eit mål for undersøkinga er å finna ut kva ungdommane sjølve tenkjer om språket dei møter på ulike medieflater, om dei opplever innhaldet som godt og relevant og korleis dei reflekterer rundt eigne val av innhald på ulike medieflater og språket i dette innhaldet.

Språkrådet ser for seg at undersøkinga tek for seg to hovudtema.

1. Språkhaldningar og vanar knytt til val og bruk av ulike medieplattformer
2. Nyheitsbruk – kva dei vert eksponert for og korleis dei sjølve vurderer norskspråkleg nyheitsinnhald på tvers av ulike medieplattformer (nyheitsinnhald i redaktørstyrte medium og i brukarstyrte medium) og ev. engelskspråkleg nyheitsinnhald

Tilrådingar og framlegg

På bakgrunn av funna i undersøkinga skal oppdragstakar gje tilrådingar om språk- og kulturpolitiske tiltak som kan styrkja barn og unges tilgang til norsk på medie- og kulturfeltet, og føreslå spørsmål og problemstillingar knytt til barn og unges språkvanar og mediebruk som kan vere relevant å undersøkje.

1.5.2 Leveranse

Leveransen er todelt.

1: Litteraturgjennomgang, funn frå undersøkinga og analysen skal presenterast i ein rapport. Dersom det i analysen vert laga relevante tabellar og/eller figurar som ikkje er føremålstenlege å ha med i sjølve rapporten, skal desse leverast som vedlegg. Språkrådet, og eventuelle forskarar som samarbeider med leverandøren, skal også ha full tilgang til analysen og rådata frå undersøkinga og løyve til å bruke desse i vidare arbeid.

2: Hovudfunna skal presenterast munnleg med bruk av PowerPoint eller liknande både for kontaktpersonar og for dei tilsette i Språkrådet. Tid og stad for presentasjonen skal avtalast nærare mellom Språkrådet og leverandøren.

1.5.3 Andre føresetnadar

- Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og stiller store språkkrav til samarbeidspartnarar. Leverandøren må levere tekstar med klart og korrekt språk og må om nødvendig nytte seg av profesjonell språkvask og korrektur for å oppnå dette.
- Språkrådet og leverandøren skal i samarbeid komme fram til den endelege utforminga av undersøkinga. Leverandøren må derfor vere open for å samarbeide tett med Språkrådet i planlegginga.
- Utforminga av rapporten og presentasjonen av denne skal skje i samråd med Språkrådet.
- Leverandøren må vere open for å samarbeide med forskingsmiljø eller enkeltforskarar, og stille datamateriale og analyse tilgjengeleg for eventuelle samarbeidspartnarar.
- Leverandøren må handtere data i samsvar med personvernlovgivinga. Leverandøren må informere eventuelle deltakarar i undersøkinga om korleis det blir teke omsyn til personvern i undersøkinga, og det må gjerast i eit språk som er forståeleg for folk utan it-fagleg eller personvernrettsleg ekspertise.

1.6 Bakgrunn for at Språkrådet ønskjer å få gjennomført ei medieundersøking

Språkrådet har nyleg kartlagt det norskspråklege medietilbodet til barn og unge. Kartlegginga viser at barn og unge i Noreg i aukande grad møter medieinnhald på

engelsk, særleg på sosiale medium, i dataspel og i strøymetenester. Funna frå kartlegginga viser også at sosiale medium har blitt den hovudkjelda til nyheiter for ungdom. Norskspråkleg innhald står særleg sterkt der det finst reguleringar, som til dømes i nyheitsformidlinga til NRK, og på litteraturfeltet. Nynorsk som det minst brukte skriftspråket står jamt over svakare på tvers av alle medieflatene kartlegginga tek for seg.

I ei tid der barn og unge brukar store delar av fritida si på digitale plattformer og der medielandskapet er i endring, ser Språkrådet behov for oppdatert kunnskap om kva dette har å seie for ungdommars språkbruk og haldningar til norsk språk.

Funna frå kartlegginga gjev oss eit overordna bilete av kva tilbod som finst og korleis dei vert brukt, men det trengst ei grundigare undersøking av barn og ungdommars haldningar og vanar knytt til språket dei møter og bruker på ulike medieplattformer.

Dette vil inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget i Språkrådets arbeid med styrking av norsk språk. Medieundersøkinga svarar til Språkrådets strategi for 2025–2028: *norsk språk som tilgang til demokrati og medborgarskap, samfunns- og arbeidsliv,* som slår fast at Språkrådet skal jobba med å skaffa innsikt i kva domene som er svake for norsk som samfunnsberande fellesspråk, og å styrkja tilgangen til norsk språk for barn og unge.

1.7 Viktige datoar og tidsfristar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	**Tidspunkt**
Kunngjering av konkurranse	21.05.2026
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	19.06.2026, kl.12.00
Tilbodsfrist	26.06.2026, kl. 12.00
Evaluering	Veke 27-34
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Veke 34
Utløp av karensperiode	10 dagar etter kunngjering av leverandør
Kontraktsinngåing	August 2026
Vedståingsfrist for tilbodet	1. september 2026

Merk at tidspunkta etter tilbodsfristen er foreløpige, og kan justerast etter behov. Ei eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med leverandørens samtykke.

1.8 Prisar

Tilbydar oppgjev totalpris for heile oppdraget. Følgjande skal inngå i totalpris for oppdraget:

- Rekruttering

- Dataanalyse
- Utvikling av spørsmål og spørjeskjema
- Utvikling av intervjuguide
- Konkretisering av problemstilling
- Presentasjon av resultat
- Rådgiving, møteverksemd og fagleg bistand undervegs

Tilbydar må også vere førebudd på å legge fram resultata til dei tilsette i Språkrådet.

1.9 Fakturering

Oppdraget strekker seg over to år. Det vil seie at utbetalinga skjer i to omgangar: første gong hausten 2026 ved oppstart av oppdraget og neste ved leveranse av ferdig rapport i 2027. Den valde leverandøren skal sende alle fakturaene elektronisk i standardformatet EHF til organisasjonsnummer 971 527 404 (Språkrådet) med ein betalingsfrist på 30 dagar. Fakturaen for 2026 må ikkje ha seinare betalingsfrist enn 15.12.2026. Fakturaen for 2027 må ikkje ha seinare betalingsfrist enn 15.12.2027.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I.

Sidan anskaffinga har ein verdi som ligg mellom kr. 100 000 og kr. 1,3 mill. ekskl. mva., kan oppdragsgjevaren velje om han vil kunngjere anskaffinga offentleg, eller om han vil invitere spesifikke leverandørar til å levere tilbod. Språkrådet har valt det første og kunngjer anskaffinga offentleg. Oppdragsgivar planlegg å tildela kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Forhandlingar kan likevel bli gjennomført etter at tilboda er mottatt, dersom oppdragsgivar vurderer det som føremålstenleg. Utveljinga av kven det eventuelt skal forhandlast med vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Merk at ingen av leverandørane kan forventa dialog om tilbodet sitt og må derfor levera sitt beste tilbod.

Vi oppmodar leverandøren på det sterkaste om å følgje dei instruksjonane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget, og eventuelt stille spørsmål om konkurransegrunnlaget i Mercell.

2.2 Skatteattest

Valde leverandør skal levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn seks månadar rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

2.3 Offentlegheit og teieplikt

Innsyn for allmenta i dokument som er knytte til ei offentleg anskaffing, er regulert av offentleglova. Oppdragsgjevaren og tilsette hos denne har plikt til å hindre at andre får tilgang til eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller andre drifts- eller forretningstilhøve som det er viktig å halde hemmeleg av omsyn til konkurransesituasjonen til den som opplysningane gjeld, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet til tidspunkt i punkt 1.7 ovafor.

2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vert formidla til alle leverandørar som har meldt interesse for anskaffinga i Mercell.

2.6 Tilleggsopplysningar

Dersom ein leverandør finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev god nok rettleiing, eller er uklart, kan denne be om tilleggsopplysningar frå Språkrådet i Mercell.

Dersom ein leverandør oppdagar feil i konkurransegrunnlaget, ber Språkrådet om at leverandøren melder frå til oppdragsgivar om det i Mercell.

2.7 Kommunikasjon

All kommunikasjon i prosessen skal gå føre seg i Mercell, og vert loggført. Oppdragsgjevar vil svare tilbydarar direkte, men vil også legge ut spørsmål og svar (anonymisert) under fana «Tilleggsinformasjon». Alt av kommunikasjon, dokumentasjon og tilbod skal være på norsk (bokmål eller nynorsk).

3 KVALIFIKASJONSKRAV

Tilbydaren må stadfeste at verksemda oppfyller kvalifikasjonskravas om er oppgitt nedafor, for at tilbodet deira skal verte evaluert.

3.1 Registrering, autorisasjon mv, som leverandøren må ha

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, i eit fagleg registrer eller i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	- Norske selskap: firmaattest - Utanlandske selskap: Dokumentasjon som viser at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister, etter lovgivinga i landet der leverandøren er etablert. Dokumentasjonen skal ikkje vere eldre enn seks månadar rekna frå tidspunktet tilbodsfristen går ut.

3.2 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane som leverandøren må ha

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag.	Gje ei skildring av inntil 3 av dei mest relevante oppdraga leverandøren har hatt i løpet av dei 5 siste åra, og oppgje verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) for oppdraget. Leverandøren har ansvar for å dokumentere i kva grad oppdraget er relevant, og dette må gå fram av skildringa. Leverandøren kan òg dokumentere erfaring frå relevante oppdrag ved å vise til personell leverandøren rår over, og som han kan nytte seg av til oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd mens personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

3.3 Den økonomiske og finansielle kapasiteten leverandøren må ha

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Kravet om økonomisk og finansiell kapasitet er oppfylt dersom leverandøren har tilfredsstillande kredittverdigheit.	- Kredittvurdering som baserer seg på dei siste oppdaterte rekneskapstala. Kredittvurdering skal vere utført av godkjend kredittvurderingsverksemd. Dokumentasjon skal ikkje vere eldre enn eitt år rekna frå tidspunktet tilbodsfristen går ut.

Dersom ein leverandør har sakleg grunn til å ikkje leggje fram dokumentasjonen som oppdragsgjevar krev, kan tilbydaren dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eit anna dokument som oppdragsgivar reknar som eigna.

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom kvalitet og pris, basert på kriteria i tabellen nedanfor.

Kriterium	Dokumentasjon
Kvalitet og fagleg relevans (vekting 70%) Under dette kriteriet vurderer vi - Korleis leverandøren forstår oppdraget - Korleis leverandøren føreslår å løyse oppdraget (prosjektskildring og realistisk tidsplan) - Kvalifikasjonane og erfaringa til personane som skal gjennomføre oppdraget - Den faglege kompetansen til leverandøren og personane som skal gjennomføre oppdraget - Erfaring frå samanliknbare oppdrag	Kvalitet og fagleg relevans skal gjerast greie for i tilbodet som leverandøren leverer. Det må også kome fram i tilbodet korleis leverandør ser for seg å involvere Språkrådet i prosessen. Leverandør skal også leggje ved ei kort prosjektskildring som skal innehalde problemstilling, teoritilfang og metode (rekruttering, presentasjon) (maks. tre sider). Tilbodet bør difor innehalde: - **Forståing av oppdraget** - **Løysing av oppdraget (**planlegging, gjennomføring, analyse, rapport og presentasjon). - **Skildring av fagkompetanse til personane som gjennomføre oppdraget** - **Framdriftsplan** (tidsplan med konkrete milepælar og fristar).
Pris (vekting 30 %)	Tilbodet skal innehalde totalpris ekskl. mva. for heile oppdraget.

4.1 Evaluering av tildelingskriterium

Språkrådet kjem til å vurdere tilboda opp mot tildelingskriteria, med ein poengskala frå 0 til 10, der 10 er best. Når vi evaluerer pris, legg vi ein lineær skala til grunn, der leverandøren som tilbyr den lågaste prisen, får 10 poeng.

Vi bedømmer kriteriet for kvalitet og fagleg relevans etter fagleg skjøn og vurderingar, og det beste tilbodet innanfor kriteriet blir tildelt 10 poeng. Poenga til dei andre tilbydarane bedømer vi skjønsmessig ut frå dette. Vi kjem til å ta omsyn til eventuelle atterhald og avvik under det enkelte kriteriet.

Når vi har vurdert alle tilboda, kjem vi til å rekne ut ein totalsum på grunnlag av prosentvekta til det enkelte kriteriet. Deretter tildeler vi oppdraget til den tilbydaren som er best ut frå kriteria og vektinga.

4.2 Klima og miljø

Språkrådets vurdering er at anskaffinga ikkje har eit vesentleg klimaavtrykk eller ei vesentleg miljøbelastning. Derfor er ikkje klima- og miljøomsyn blant tildelingskriteria i denne anskaffinga.

5 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING

5.1 Innlevering

Tilbodet skal leverast elektronisk via Mercell – www.mercell.com – innan tilbodsfristen.

Tilbydarar som ikkje er brukarar av Mercell, eller som har spørsmål som gjeld funksjonalitet i verktøyet, kan ta kontakt med MErcell Support på telefon 21 01 88 60 eller e-post support@mercell.com.

Dersom det er delar av tilbodet tilbydar ikkje vil at skal offentleggjerast i ein eventuell innsynsførespurnad, må tilbydar leggje ved ein versjon av tilbodet som er klartgjort for innsyn, med nødvendig sladding.

Tilbydaren vil under innlevering av tilbodet bli beden om ein elektronisk signatur for å stadfeste at det er ein aktuell tilbydar som har sendt inn tilbodet. Elektronisk signatur kan bestillast på www.commfider.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

5.2 Utforming av tilbodet

Tilbodet skal følgje denne komposisjonen.

Disposisjon	**Skildring**
1	Tilbodsbrev
2	Tildelingskriterium pris
3	Tildelingskriterium kvalitet
4	Skatteattest
5	Firmaattest
6	Dokumentasjon på finansiell kapasitet
7	Tekniske og faglege kvalifikasjonar
8	Sladda utgåve av tilbodet. Dersom nokon ber om innsyn i konkurransen er det dette vi deler.

6 KONTRAKT OG DATABEHANDLARAVTALE

Oppdragsavtalemalen SSA-O frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring skal brukast som kontraktsmal for oppdraget (SSA-O (Oppdragsavtalen) | Anskaffelser.no).

Dersom det trengst databehandlaravtale i oppdraget, skal denne utarbeidast av leverandøren.

7 VEDLEGG

1. Vedlegg 01 – Tilbudsbrev
2. Vedlegg 02 – SSA-O generell avtaletekst 2024 (nynorsk)
3. Vedlegg 03 – SSA-O bilag 2024 (nynorsk)